

Hjelmåsen as v/ Geir Styve, Hjelmåsen 37, 5915 Hjelmås  
Apalen Sør as v/ Magnar Tangen, Burkhovdane 1, 5914 Isdalstø

Lindås kommune v/ Ordfører Astrid Aarhus Byrknes, og leiar PMU Ståle Hauge  
Postmottak, Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

23/02/2016

### Rekkefylgjekrav, og tilbod om finansiering av trafikksikringstiltak Apalen- Hillesvåg

Viser til vårt innsendte brev av 28.1.2016, og svært positivt møte med politisk og administrativ leiing 1.2.2016. Den avtalte framdrifta etter møtet var at Teknisk Etat i Lindås (TEL) skulle luftte saka på eit arbeidsmøte med Statens Vegvesen (SV) den 5.2.2016. Ved å etterspørje resultatet hjå TEL har vi fått vite at SV skulle svare i løpet av 14 dagar, dvs innan 19.2.2016. Ved ny etterspurnad hjå TEL, har vi fått vite at dei ikkje har svara enno.


I orienteringa la vi fram eit ønske om eit «fast track» til Lindås kommune, slik at vi har nokon å ha dialog med. Dette er raskare enn å skrive brev og vente på svar. Vi er nok litt utålmodige no, etter å ha gått i ring mellom så mange instansar så lenge. Dessutan er det ein økonomi opp dette som må styrast på plass.


- Vi vonar at det vert pressa på frå Lindås Kommune ovanfor SV slik at vi får framdrift i saka

Vi syner dessutan til oppslag i lokalavisene 11.2.2016. Der går det fram at Nordhordland sine representantar i utval for Miljø og Samferdsle i Hordaland Fylkeskommune (HFK) har gjort ein strålende jobb med å få 10 millionar kroner til Nordhordland, øymerka utbetring/trafikksikring av fylkesvegar. Dei aktuelle midlane er direkte fordelt til enkeltprosjekt, etter ei fagleg innstilling frå administrasjonen. Det går vidare fram at strekninga Fv391 Mundal-Leiknes får 1.0 mill til fartsdempande tiltak i tråd med kommunal TS-plan.

Slik saka har utvikla seg i Mundal - Leiknes, så kan vi ikkje sjå at SV/HFK - administrativt eller teknisk - no kan argumentere særleg sterkt mot ei tilsvarande løysing for Fv391 Apalen - Hillesvåg. Dersom vi legg til grunn vårt reknestykke om at vi betalar inn 20.000 for kvar leilighet og 40.000 pr einebustad, så får denne strekninga på enkelt vis langt meir midlar tilført, enn det ein etter hard kamp klarte å «slite» ut av HFK. Apalen - Hillesvåg får 2.620 kr pr meter til disposisjon, medan Mundal Leikens har 950 kr /m. Det beløpet vi går inn med tilsvarer 17% av heile løyvinga som kom til Nordhordland, og det er usikkert om det kjem friske HFK-midlar til neste år.

- Vi ynskjer rådgjeving frå Lindås Kommune om kva vi skal gjere no for å kome vidare. Etter vårt syn burde det heile kunne løysast enkelt med ein dispensasjonssøkad frå vår side, som vert innvilga politisk under føresetnad av den nemnde innbetalinga. Aller helst ville vi naturlegvis hatt dette gjort på møtet 3.3. (Kan dette brevet gjeld som søknad?) Så får administrasjonen i HFK, evt TEL avgjere kva som fagleg sett gjev dei beste trafikksikringstiltaka for pengane.

  
Hjelmåsen as – Geir Styve

  
Apalen Sør as – Magnar Tangen